



SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Administrasjonsutvalet	04.03.2009	005/09	HÅL

Saksbeh
Håkon Loftheim

Arkivsaknr
08/1029- 2

Arkiv
K1-460

HØYRING OM ARBEID OG OMSORG - FORSLAG TIL LOVENDRINGAR MED SIKTE PÅ Å BETRE HØVA TIL Å KOMBINERE ARBEID MED PLEIE- OG OMSORGSOPPGÅVER

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Administrasjonsutvalet syner til saksutgreiinga og sluttar seg til dei føreslegne endringane i Arbeidsmiljølova og Folketrygdlova.

04.03.2009 ADMINISTRASJONSUTVALET

Røysting – samrøystes:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke.

ADMK-005/09 VEDTAK:

Administrasjonsutvalet syner til saksutgreiinga og sluttar seg til dei føreslegne endringane i Arbeidsmiljølova og Folketrygdlova.

SAKSDOKUMENT:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	05.12.2008	Det kongelige arbeids- og inkluderingsdepartement	HØYRING OM ARBEID OG OMSORG - FORSLAG TIL

LOVENDRINGAR MED SIKTE PÅ
Å BETRE HØVA TIL Å
KOMBINERE ARBEID MED
PLEIE- OG OMSORGSOPPGÅVER

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Arbeidsmiljølova, Lov om folketrygd, Hovudtariffavtala

Kva saka gjeld:

Høyring om framlegg til endring i retten til å kombinere arbeid med pleie- og omsorgsoppgåver.

Saksutgreiing:

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sender på høyring framlegg til endringar i Arbeidsmiljølova og Folketrygdlova som skal utvida tilsette sin rett til permisjon for å ivareta omsorgsoppgåver i heimen.

Gjeldande rett

I gjeldande Arbeidsmiljølov og Folketrygdlov er det følgjande velferdsordningar i samband omsorgsoppgåver for born og nære slektningar:

Omsorgspengar

Til ein arbeidstakar som har omsorg for barn, vert det ytt omsorgspengar dersom han eller ho er borte frå arbeidet på grunn av:

- naudsynt tilsyn med og pleie av sjukt barn i heimen eller i helseinstitusjon
- fordi den som har det daglege barnetilsynet er sjuk
- fordi den som har det daglege barnetilsynet er hindra frå å ha tilsyn med barnet fordi vedkomande er med eit anna barn til undersøking eller innlegging i helseinstitusjon
- fordi barnet på grunn av sjukdom treng oppfølging i form av legebepesøk mv. sjølv om barnet ikkje er sjukt eller pleietrengande den aktuelle dagen.

Retten gjeld og fosterforeldre og gjeld ut det året barnet fyller 12 år, eller til 18 år for funksjonshemma eller kronisk sjukt barn.

Som hovudregel skal arbeidsgjevaren betale løn for dei første 10 dagane etter denne paragrafen. Dersom arbeidstakaren ikkje har krav på stønad frå arbeidsgjevaren, yter folketrygda stønad tilsvarende sjukepengar.

Pleiepengar

Etter folketrygdlova §§ 9-10 og 9-11 yter folketrygda pleiepengar til personar som har barn under 12 år (18 år for funksjonshemma) som er eller har vore innlagt på helseinstitusjon og som treng kontinuerleg tilsyn eller pleie.

Pleiepengane kan graderast ned til 50 %.

Folketrygdlova § 9-12 gjev ein person som pleier ein nær pårørande i slutfasen av livet, rett til pleiepengar i opptil 20 dagar.

Opplæringspengar.

Ein person som har omsorg for barn med funksjonshemming eller langvarig sjukdom vert ytt opplæringspengar dersom den gjennomgår opplæring ved godkjendt helseinstitusjon eller deltek på foreldrekurs ved offentleg pedagogisk kompetansesenter. Stønad vert ytt sjølv om barnet har fylt 18 år.

Pleiepengar og opplæringspengar vert som hovudregel ytt etter dei same reglane for sjukepengar.

Velferdspermisjon

I Askvoll kommune sitt permisjonsreglement har tilsette rett til permisjon med løn i inntil 5 dagar ved alvorleg sjukdom eller pleie av personar i næraste familie (ektefelle, foreldre, besteforeldre, born eller andre som står arbeidstakaren nær)

Framlegg til endringar

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har sendt ut på høyring følgjande endringar som tek sikte på betre yrkesaktive sine vilkår for å kombinere arbeid med pleie- og omsorgsoppgåver:

- Folketrygdlova § 9-11a vert endra slik at graderte pleiepengar kan graderast ned til 20 prosent.
- Folketrygdlova § 9-12 vert endra slik at ein person som pleier ein nær pårørende i slutfasen av livet kan få pleiepengar i inntil 60 dagar. Arbeidsmiljølova vert endra med tilsvarende permisjonsrett.
- Folketrygdlova §§ 6-5 og 9-11 vert endra slik at foreldre som har motteke høgste sats med hjelpestønad og pleiepengar i minst tre år, har rett til framleis yting i tre månader etter at pleieforholdet tek slutt.
- Arbeidsmiljølova § 12-10 vert endra slik at arbeidstakar som på grunn av naudsynt omsorg i heimen ovanfor ektefelle, sambuar eller partner, foreldre eller funksjonshemma eller kronisk sjukt barn over 18 år, får rett til permisjon i inntil 10 dagar kvart kalenderår.

Vurdering:

Det at arbeidslivet legg til rette for at tilsette i ein vanskeleg omsorgssituasjon kan halde på kontakten med arbeidsplassen, og likevel i ei viss grad utføre viktige omsorgsoppgåver heime, kan vere ei god løysing både for samfunnet og den enkelte. Å ha fleksible ordningar i slike situasjonar kan truleg førebyggje både sjukmeldingar og meir varige utstøytingar frå arbeidslivet.

Framlegget til endringar gjev ikkje auka lønsplikt for kommunen som arbeidsgjevar. Generelt er det likevel slik at auka rett til permisjon vil gje ein viss auka trong for vikarar med påfølgjande administrasjon og evt. tapt tenesteproduksjon.

Kommunen har gjennom endringane pr.01.05.08 i HTA § 14, og vårt eige permisjonsreglement alt vedteke rett til permisjon med løn i inntil 5 dagar i situasjonar som er omtalt i endringane i Arbeidsmiljølova § 12-10. Det er såleis ikkje sikkert at den utvida retten etter denne bestemmelsen vil gje vesentleg auke i uttak av permisjon.

Når det gjeld dei andre føreslegne endingane er det svært få tilfelle det er snakk om sjølv i ein arbeidsstokk på 3-400 personar.

Askvoll kommune har verken som arbeidsgjevar eller som tenesteytar vesentlege merknadar til dei føreslegne endringane.